

Aktivitetar ved Meland Frivilligsentral våren 2014:

Dataklubb for seniorar

Stad: Eldresenteret

Tid: Mandagar kl.12 – 14.

Arrangør: Meland Frivilligsentral, Meland Helselag.

Dagleg leiar på Frivilligsentralen leiar klubben.

Besøkstenesta i Meland

Arrangør: Meland Frivilligsentral, Nordhordland Røde Kors, Melandkyrkja.

Tenesta har ca 15 besøksvener. Dei fleste er aktive og har oppdrag.

Besøkstenesta har ei ressursgruppe som består av 3 frivillige – ein representant frå kvar arrangør.

Dei har ansvar for å formidle og fordele oppdrag til besøksvenene.

Ressursgruppa kallar inn til jevnlege samlingar for besøksvenene.

Tirsdag 8.april arrangerte besøkstenesta foredrag med Ingvard Wilhelmsen på Nordhordland Folkehøgskule. Det kom ca 430 publikumera på arrangementet.

Meland Minifestival / ungdomsgruppa

Samarbeid mellom Meland Frivilligsentral og kulturkonsulent i Meland kommune.

Ungdomsgruppa består av 3 ungdomsskule elevar frå Rosslund skule, ein frå Meland ungdomsskule, Mats Skjerve som er UKM ambassadør og ung arrangør i UKM. Danielsen har meldt inn to elevar som skal vera med vidare.

Fredag 21.mars hadde vi konsert på Nordgardsløa. På programmet sto KløverKnekt & Skarre r, Linn og Emilie og Julian Luna Svindal.

Det kom ca 70 ungdommar på konserten. Arrangementet var svært vellukka og vi har fått mange fine tilbakemeldingar.

Neste møte med ungdomsgruppa blir rett etter påske.

Symjekurs for flyktingar

Stad: Radøyhallen

Tid: 5 søndagar kl. 14 – 16 (siste kursdag søndag 27.04).

Arrangør: Nordhordland Padleklubb, Meland Frivilligsentral.

I samarbeid med Idrettsråda i Nordhordland, NAV flyktningetenesta i Meland.

Deltakarane er flyktningar busette i Nordhordland. 4 av deltakarane er busette i Meland.

Den Kulturelle Spaserstokken

DKS Meland arrangerte kulturkveld på Nordhordland folkehøgskule torsdag 13.mars. På programmet sto «Terje Vigen» med Helge Jordal og lokale aktørar. Kulturkvelden var ei markering av Grunnlovsjubileet 1814 – 2014.

Søknad om DKS midlar 2015 har søknadsfrist i mai i år. Søknaden blir utarbeida av Frivilligsentralen i samarbeid med arbeidsgruppa som består av medlemmer frå Fellesrådet og Trivselskomiteen.

Nettverk Nordhordland

Meland Frivilligsentral er med i Nettverk Nordhordland – Frivilligsentralar. Nettverket møtes jevnleg, I samband med Grunnlovsjubileet har nettverket jobba for at vi skal få til eit Fargespill i Nordhordland. Dette prosjektet er no avlyst grunna vedtak om ikkje å delta i prosjektet i Levekårsutvalet i Lindås.

Anna

- Møter med andre kommunale tenesteområde som flyktningetenesta, psykisk helse og rusteneste, Meland heimeteneste.
- Bistand til organisasjonar som søker midlar frå fond og offentlege midlar
- Møter med frivillige som kjem innom kontoret
- Hordalandsamling for Frivilligsentralane
- Styremøte i Nordgardsløa (sit som representant for kommunen).
- Forberedelse til ny sesong med Nattevandring.